

Referat frå styremøte onsdag 6. juli 2016 kl. 10.00 – 15.00 Møtet vart halde på Vertshuset Sinclair i Kvam.

Deltakarar:

Styret: Arnfinn Beito, Ellen M. Syse, Anne Kari Veikleenget, Pål Eiesar, Berit L. Kaltoft og Pål Kjørstad. Bjørn Even Stenberg hadde meldt forfall.

Sakliste:

Sak 46/2016: Styrets og sekretærens rolle

Styret gjorde ein grundig gjennomgang av styrets og sekretærens rolle i styrearbeidet og vedtok føringar styret og sekretæren skulle arbeida etter framover.

Sak 47/2016: Retting og godkjenning av referat

Referatet frå styremøte 06/06 2016 vart gjennomgått, endra og godkjent med dei endringane som vart gjort.

Sak 48/2016: Sponsorsaka

Da referatet frå førre møte vart godkjent var det semje om å laga skrivet jmf. sak 43/2016: Styret i OSG bad sekretæren om å forme eit skriv som skal gå ut til ulike aktørar vi frå før har fått sponsormidlar frå etter dette oppsettet:

Hovudsponsor/ar: Heimsideannonse alltid øvst og størst, 2 midt-sidene i årsmeldinga, logo og annonse i infoskriv, ½ time taletid årsmøte, stand årsmøte kr. 50.000,-

Sponsorpakke: Heimesideannonse, heilsideannonse, taletid/stand årsmøtet, kr. 20.000,-

Sponsorpakke: Heilsideannonse, taletid årsmøte eller baksida årsmelding: kr. 10.000,-

Sponsorpakke: ½ side årsmelding, kr. 5.000,-

Sponsorpakke: ¼ side årsmelding, kr. 2.500,-

Sekretæren sender utkastet til styret for godkjenning før han sender det vidare til våre aktuelle sponsorar.

Sak 49/2016: Rovdyrsaker

- a) Trykket av freda rovvilt held fram og Gudbrandsdalen frå Ringebu til Lesja har hatt det verst, med pågåande skadefellingsløyver på alle 4 slag. Verst råka har vore Fron – Kvam, Sødorp, Østkjølen med ulveskader og Lesja – Dalsida med bjørneskader. Elles har jerven vore mest aktiv på Sel/Dovre medan gaupa har vist seg fram på Fron. Styret i OSG såg ikkje at nåverande situasjon kravde noko ekstratiltak frå dei, men vil vera tilgjengeleg og klar for hjelp i akuttssituasjonar utover beitesesongen.
- b) På spørsmål frå styret vart det informert om hendinga da Nord-Fron ved Hans P. Solberg, Ole-P. Berget og Pål Kjørstad møtte ”Opplandsbenken” på Lillehammer 20/06. Solberg og Berget var utsendingar frå N-Fron i samband med hendinga omkring avslag på skadefelling av ulv og bjørn medan Pål hjelpte til powerpoint-presentasjon.
- c) I samband med at OSG har bestemt seg for 4 informasjonsmøter i forkant av erstatningssøknadsrunden i haust, så har OBS tilbode seg å vera med. Styret i OSG ser det da slik at dei går ut og spør både OBS og OB om å vera med å arrangera. Arnfinn

informerer OB munnleg fyrst før Pål sender ein skriftleg sak med informasjon om møteseriane så langt.

- d) Pål tek kontakt med Jonny Mathisen for å få ut eit referat eller info frå møtet Nord-Fron Sau og Geit arrangerte måndag 04/07 2016. Møtet var eit oppstart- og informasjonsmøte rundt beredskapsgruppe(r) for rovviltsaker i Fronsbygdene. Styret i OSG meinte at dette kunne vidareførast til andre stader i Oppland.
- e) Kristin Hegge har overteke som rovviltansvarleg i Oppland Bondelag etter Bjørn Magnus Tordhol. Vi takkar Bjørn Magnus for innsatsen og samarbeidet og ynskjer samstundes Kristin lykke til i vervet.

Sak 50/2016: Eventuelt

- a) Pål sender på ny mail ut til lokallaga for å be om stoff til heimesida. Dette stoffet kan gjerna vera om fagmøter og lagsmøter lokallaga arrangerar. Styret meinte at dette ville inspirera til meire aktivitet.
- b) I samband med at Pål skal skrive eit brev til NSG omkring styreleiarens fråvær på siste representantskapsmøte, så skal han også etterlysa svar eller kommentar på innsendt brev angående felling av bjørn i Hedmark 16/04 2016. Her burde statssekretær Lunde få ros for vedtak om felling av potensiell skadevoldar, sjølv om vedtaket kom etter politisk påtrykk frå partikollega og at Lunde instruerte Miljødirektoratet til å fatte vedtaket.
- c) Ole-Petter Berget har bede OSG om eit svar på kvifor dei ikkje ville vera med å støtte Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag da dei meldte FM i Oppland til politiet etter ulveskadane i Kvam. Arnfinn informerte om at han hadde hatt kontakt med fylkesleiarane i faglaga i Oppland, og dei var einige om at feil instans var anmeldt – det skulle ha vore Miljødirektoratet i staden.

Kvam 06/07 2016, Pål Kjørstad, sekretær